

Tankar om NOU 2010: 5 "Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering. Et helhetlig hjelpemiddeltilbud"

Vedlegg: sammendraget

Sammendraget vedlagt er ei oppsummering av forslag til endringar i hjelpemiddelordninga. Vi har lese gjennom dette, og endringar som foreslås ser ut til å ha direkte innverknad for kvardagen til alle som jobbar med og brukarar av hjelpemiddel. Under utdjupar vi meir våre tankar rundt dette.

Auka/helhetleg ansvar for basishjelpemiddel til kommunane

Det foreslåast ei omlegging slik at kommunane får eit helhetleg ansvar for basishjelpemiddel, dette medfører også finansieringsansvar og utvalet anbefalar at dette blir lagt inn i kommunanes rammefinansiering. Vi er redde for at dette medfører at midla forsvinn. Det kan fort bli potensielt ein intern kamp mellom einingar og avdelingar i kommunen dersom ikkje midla blir øymerka.. I Bø kommune har vi erfaring med at vedlikehalds- og utstyrspostar i trange økonomiske tider blir "salderingspost" og ofte stroke i budsjettet. Med rammefinansiering vil det også være vanskeleg å kunne ta høgde for auka/endra behov i framtida.

Fullt ansvar for finansiering vil også medføre større forskjeller mellom kommunane, dei med god økonomi vil kunne yte mer til sine brukarar enn dei med dårleg økonomi. Bø kommune har lenge hatt "dårleg" økonomi (ROBEK-lista), og brukarar på for eksempel sjukeheim/institusjon samt avlastningsbolig for barn og unge blir ofte nedprioritera ifht nye, nødvendige og hensiktsmessige hjelpemiddel. Dette resulterer også i at kravet om oppf./service av viktige elektriske hjelpemiddel allereie i dag er mangelfull. Vi forstår at målsetninga er å viske ut forskjellane mellom bebuarar i omsorgsbustad, heimebuande og dei på institusjon, men er redd for at heimebuande får redusera hjelp (pr i dag gjer statleg finansierte hjelpemiddel i heimane til at ein heimebuande ofte har mykje betre tilrettelagt omgivelser enn ein som bur på sjukeheim).

Småkommuner kan fort bli isolera og har lite folk til å kunne opprette et godt fagmiljø og god nok kompetanse på alle aspekt rundt basishjelpemiddel. Interkommunalt samarbeid må til både med tanke på innkjøp, reparasjonar og administrasjon.

Erfaring frå Bø kommune dei siste 10 åra er at hjelpemiddelansvarlege har fått fleire pålagte oppgåver. Dette gjeld mellom anna meir ansvar for utpakking, utlevering, opplæring, montering og utprøving. Det har samstundes blitt mindre ambulerande verksemd frå hjelpemiddelsentralen sin side. Dette medfører meirarbeid i kommunen, men det har ikkje fulgt med sentrale eller andre midler til å dekke dette.

Vi har ei kommuneavtale med hjelpemiddelsentralen som sier noko om kommunalt ansvar, men når det er stillingsstopp i kommunen, så er pålegg og ansvar der allikevel. Oppjustering av ressursar er ikkje i samsvar med dette. Føler at tida ikkje rekk over anna enn ein liten del av alt ansvar og pålegg.

Vi synest det er vanskeleg å lese ut fra samandraget kor grensa for hjelpemiddel til dei med komplekse og samansatte behov går, men les at dette fortsatt skal være eit statleg ansvar. Kva da med basishjelpemiddel for denne brukargruppa?

Lovbestemmelsen ut av folketrygda

Mange brukerorganisasjonar o.l. har uttrykt stor skepsis til utvalets forslag om å ta lovbestemmelsen om retten til hjelpemiddel ut av folketrygdlova. Vi støtter også denne

skepsisen fordi vi meiner at oppsplitting av rettigheter i mange ulike lovverk heller vil føre til uoversiktleghet for brukaren og kommunane.

Boligtilretteleggingar

Utvalet forslår at Husbanken skal overta ansvar for trappeheis, løfteanordningar o.l. Husbanken har sentralisert verksemda si dei seinare åra. Etter vår meining vil avstanden til brukaren auke meir enn i dag. Dette vil være uhensiktmessig og motsatt av det utvalet foreslår mht til basishjelpemiddel der målet er å komme nærmare brukaren. I tillegg ser vi at Husbanken ikkje innehar kompetansen til å overta dette ansvaret, ein kompetanseutbygging synast virke både dyrt og tidkrevjande. Vi har god erfaring med Hjelpemiddelsentralens innsats på dette område. Dette fungerer til beste både for brukar og kommune, og vi ønsker oss heller ei styrking av dette gode samarbeidet.

Andre lovverk som plan- og bygningslova og regelverk for universell utforming bør henge tettare sammen med tilrettelegging av bolig. Vår erfaring er at det er vanskeleg å halde oversikt over rettar som brukarane har. Hjelpemiddelansvarleg får ofte henvendelsar når det gjeld bolig, og fungerer i praksis også som boligkonsulent. Saksgangen per i dag ifht boligtilskot og lån til prosjektering går gjennom Husbanken, men endar likevel til slutt hos hjelpemiddelsentralen. Boligkonsulentstillinga opplevast lite brukarretta, her er den halde vakant lenge og organisert som ei administrativ stilling.

Dette kjem ikkje brukarane til nytte.

Aktivitetshjelpemiddel og utstyr til trening, stimulering og leik

Forslaget om å oppheve aldersgrensa for aktivitetshjelpemiddel støttar vi fullt ut. Utvalet forslår vidare at dei ønsker å dele opp ansvaret for aktivitetshjelpemiddel (statleg ansvar) og utstyr til trening, stimulering og leik (kommunalt ansvar). Å skilje dette vil også som med basishjelpemiddel kunne føre til store forskjellar mellom "rike" og "fattige" kommunar. Vi trur det vil virke meir forvirrande og føre til meir tidsbruk og fleire søknadsrutiner å forholde seg til både for stat, kommune og brukar.

Skule og opplæring

Før 1997 hadde skule/opplæringssektoren meir ansvar, erfaringsmessig fungera det dårleg pga bl.a. manglande ressursar og kompetanse på skulane. Vi ser ikkje grunn til å gå tilbake til dette igjen? Hjelpemiddel for barn og unge i skulen skal ofte dekke mange ulike behov, alt frå særlege behov for å bevege seg til å være reine pedagogiske hjelpemiddel til støtte i undervisning. Saknar ein sterkare diskusjon kring dette for å tydeleggjere kva som ligg i "skulehjelpemiddel" og kva som ligg i "opplæringshjelpemiddel". Særleg for elevar med spesielle behov ("habiliteringsbarn") er dette ei sentral problemstilling. Dei har ofte både medisinske diagnoser og diagnoser knytta til læringsvanskar som gjer at dei nyttar hjelpemiddel i ulike kategoriar om kvarandre for å få ein god kvardag på skulen.

Behandlingshjelpemiddel

Vi har også erfaring her i Bø med at behovet for tydeliggjering er viktig. Når hjelpemiddelsentralen hadde ansvar for ordningen var det meir oversiktleig for både brukarar og andre. Når behandlingshjelpemidla gjekk over til sjukehusa/spesialisthelsetenesten virkar det til at ikkje alle lokalsjukehus kom like godt med i prosessen. Vi opplever at lokalsjukehus i vårt distrikt verken sjølve søker utstyr og heller ikkje vidare sender brukarar med behov for

behandlingshjelpemiddel vidare. Ofte blir lokal hjelpemiddelansvarleg kontakta når brukarane kjem heim og brukaren må vente lengre på rett hjelp.

Høreapparat og andre hørselshjelpemiddel

Vi ser ikkje at synshjelpemiddel er inkludera, vi ser det som ein svært naturleg del å inkludere syn, da hørselstap/reduksjon ofte gjeng hånd i hånd med synstap/reduksjon, naturleg å samle dei to.

Ellers er erfaringa vår med høreapparat at det kan bli stor avstand for brukar på bygda å måtte reise til byen. Det kan også være vanskeleg at spesialisthelsetjenesten ikkje er nært nok brukarens kvardag da vi opplever at dei har vanskar med å få til ein god nok opplæring/innstilling og vedlikehold. Opplever også misforhold mellom tekniske nytviklingar og mestringsnivå hos eldre brukarar når det gjeld høreapparat/hørselshjelpemiddel.

Samarbeidet med hjelpemiddelsentralen oppleves som god med tanke på andre hørselshjelpemiddel. Gjennom avtalen mellom NAV hjelpemiddelsentral og kommunen er det etablert syns- og hørselskontaktar. Når hjelpemiddelansvarleg og vaktmeister koordinerer og jobbar direkte med dette fungerer dette godt, men presset og arbeidsmengda aukar.

Arbeidstilrettelegging

Sjølvtendig næringsdrivande har vi opplevd at har falt utanom tidligare, særleg behov for oppklaring av regelverk. Vi har sett at drivarar av små bedrifter som opplever sjukdom som resulterer i funksjonsnedsetting ikkje har fått fysisk tilrettelagt ein god nok arbeidsplass.

Vi ser verdien i forslaget om å sette hjelpemiddelsentralane og lokale NAV-kontor i betre stand til å auke kompetansen ifht hjelpemiddel og tilrettelegging, tolker dette som ei sterkere satsing på yngre med funksjonshemming og sysselsetting av desse.

Totalt sett

Vi stiller oss svært kritiske til om overføring av basishjelpemiddel til kommuneane vil føre til eit betre tilbod for brukarane. Vi er enig i den massive kritikken som har kome fram blant diverse politikare, jamfør artikkel i Handikapnytt nr. 4 2010.

Bø, 1/9-2010.

Med helsing

Gerd Verpe
Hjelpemiddelansvarleg

Nina Ralle
Kommunefysioterapeut

Olav Halstensgård
Vaktmeister hjelpemiddel